

# **Høyring av verneplan for skog**

## **Framlegg om vern av Storås naturreservat, Seljord kommune**



*Gammal granskog i kjerneområde 3. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark  
Juli 2024**

Innhold	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	4
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	10
6. Faktaark.....	11
7. Framlegg til verneforskrift.....	15

**Vedlegg:** Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.

## **1. Bakgrunn**

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til oppretting av Storås naturreservat i Seljord kommune, Telemark.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Tilboden som omfattar eigedommane 100/1, 103/2, 103/7, 104/1,3,8 kom inn 12. desember 2019, og tilboden som omfattar 103/6 kom inn 2. juni 2020. Begge tilboda kom inn via NORSKOG. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2020 som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

### **1.1 Avveiing skogvern – skogbruk**

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å utgreie forvaltningsstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverkinga og skognæringa sitt bidrag til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata føreslege retningslinjer for avveininger.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bedde Klima- og miljødepartementet om iverksetjing av framlegget, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal framlegget setjast i verk for område der det kjem inn tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eigmeld grunn for område der det blir meld oppstart frå og med same dato.

Tilbodsområda som omfattast av dette verneframlegget er tilbydd for frivillig vern av grunneigarane før 1. februar 2022. Eigedommane omfattast difor ikkje av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Vi har vurdert skogbruksverdiane etter vår gamle rutine, med skogbruksopplysningar gitt av NORSKOG.

## **2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern**

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsigke arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigmeld skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017» og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs berekraftsmål 15](#) som har som mål å vera, gjenoppretta og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, nedkjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetalung av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

### 3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det stengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

*”Som naturreservat kan vernes områder som*

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”*

### 4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Storås naturreservat blei meld 19. mai 2023, med namnet Storås, og frist for innspel var 5. juli 2023. Innspel fra Landbruksdirektoratet kom inn etter fristen 5. juli, men er teke med i høyringa. Innspela fra DMF og NVE gjeld også for andre område enn Storås. Nedafor har vi berre teke med innspela som gjeld for området Storås.

Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

**Språkrådet** (brev dagsett 01.06.23) uttalar følgjande:

*«Ingen merknader. Namnet høver på området, og Storås er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR.»*

**Bane NOR** (brev dagsett 14.06.23) uttalar følgjande:

*«Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 19.05.2023.  
Ingen av verneområdene berører jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.»*

**Forsvarsbygg** (brev dagsett 23.06.23) uttalar følgjande:

«Vi viser til brev 19. mai 2023 med melding om start av verneplanprosess for frivillig vern av skog for 17 områder i kommunane Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Tønsberg, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn og Tokke. Forsvarsbygg gjev høyringssvar i slike saker med det utgangspunktet å ta vare på Forsvaret sine arealbruksinteresser.

*Vi ser foreløpig ingen konfliktar med det føreslalte verneområdet. Vi ber likevel om at de teknaudsynte unntak for militær operativ verksemnd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber også om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemnd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget.»*

**Skagerak Kraft AS** (e-post motteke 28.06.23) uttalar føljande:

«...Så langt vi kan sjå er det eit av forslaga som er på høyring som råkar våre interesser. Det gjeld forslag nr 12., Storås i Seljord kommune.

*I nordaust grensar verneforslaget for Storås mot Åmotsdalsåi. Åmotdsalsåi inngår i Sundsbarmreguleringa. Det er viktig at eit eventuelt vern ikkje vert i konflikt med reguleringsformålet og dei rettar og plikter Sundsbarm kraftverk har i denne samanheng. Eksempel på regulantplikter er: vegetasjonsrydding for å halde flaumlaupet ope, gjennomføring av (miljø)tiltak i tråd med vilkår i reguleringeskonsesjonen, hydrologiske målingar, oppfølging av skjønnsvilkår m.m.*

*Grensene for eit eventuelt verneområdet må difor setjast i god avstand til Åmotsdalselvi og verneretningslinene fastsetjast slik at ein unngår konfliktar mellom verne- og reguleringsformål.»*

**Direktoratet for mineralforvaltning** (brev dagsett 30.06.23) uttalar følgjande:

«...DMF er fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemnd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i vernesaker.

### **Om saka**

*Statsforvaltaren varslar oppstart av verneplanarbeid for 17 område i Vestfold og Telemark, frivillig vern av skog, som er aktuelle for vern etter naturmangfaldlova (naturreservat). Sju av tilboda gjeld utviding av eksisterande naturreservat.*

- Brakandalen naturreservat, Kviteseid kommune
- Brånås naturreservat, Bamble kommune
- Eidsbogkleivane – Gjuvstøyla naturreservat, Tokke kommune
- Heggeneset naturreservat, Seljord kommune
- Jørnjiljo naturreservat, Notodden kommune
- Mørkvassjuvet naturreservat, Kviteseid kommune
- Omnflug naturreservat, Notodden kommune
- Skriufjellet naturreservat, Seljord kommune
- Skuleholmfjellet naturreservat, Nissedal og Fyresdal kommuner
- Stormyråsen naturreservat, Notodden kommune
- Storås naturreservat, Seljord kommune
- Tjuvberget naturreservat, Holmestrand og Tønsberg kommune
- Øverland naturreservat, Tinn kommune

- Storskog naturreservat, Kviteseid og Tokke kommuner
- Kivledalen - Spådomsnuten – Humleneset naturreservat, Seljord kommune
- Ånås naturreservat, Kviteseid kommune
- Kringsås naturreservat, Midt-Telemark kommune

### **Fråsegn frå DMF**

*Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekommstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.*

*Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar og ei langsiktig forvaltning av disse er derfor viktig. Viss ressursane byggast ned eller vernast, er dei i mange tilfelle utilgjengeleg i overskodeleg framtid. Mineralressursar representerer store verdiar og utvinning gir grunnlag for anna næringsliv.*

*Norges mineralstrategi<sup>1</sup> seier at «Frem mot 2050 vil tilgangen på metaller og mineraler være avgjørende for om vi globalt når målene vi setter oss i den grønne omstillingen».*

*DMF er i denne samanhengen opptatt av at mineralressursar som har eller kan ha verdi ved uttak og utnytting, blir teke omsyn til i verneprosessen. Det betyr at det må innhentast tilstrekkeleg informasjon om førekommstar som inngår i dei føreslalte verneområda, for å vise verknaden av vern på dei mineralske ressursane. Blant anna er det særleg viktig å undersøke om førekommstar som ikkje er verdivurdert kan innehalde ressursar som er viktige, og om det er mogleg å sikre tilgangen til strategiske og kritiske mineral dersom areal blir verna.*

*Kopar og feltspat er blant anna på EU sin liste over kritiske og strategiske mineral. Der det finst mineralske ressursar som kan være aktuelle å utnytte i framtida, bør disse unnlatast frå vern.*

*Undersøkingsrapportar tilgjengeleg i DMF sitt kartinnsyn<sup>2</sup> kan vere ein del av kunnskapsgrunnlaget ved vurderinga om vern.*

*....*  
**Branås, Eidsbogkleivae – Gjuvstøvlia, Heggeneset, Jønjilio, Mørkvassjuvet, Omnflug, Skriufjellet, Skuleholmfjellet, Stormyråsen, Storås, Tjuvberget, Øverland og Ånås**  
*DMF kan ikkje sjå at det føreslegne vernet kan få følgjer for registrerte førekommstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift innafor desse områda. Her har vi derfor ingen merknader.*

*....»*

**Norges vassdrags- og energidirektorat** (brev dagsett 05.07.23) uttaler følgjande:  
*«Vi viser til melding om start av verneplanprosess for nye områder for frivillig vern av skog i kommunene Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn, Tokke og Tønsberg.*

**NVE har sett gjennom meldingen for de foreslalte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Vi vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg.**

....

• Vi gjør oppmerksom på at nettselskapene Telemark Nett AS, Lede AS, DE Nett AS, Føre AS, Everket AS og Stannum AS har områdekonsesjon i de foreslalte verneområdene.

• I verneforslagene Brånås, Storskog, Kringsås, Heggeneset, Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia og Humleneset (utv.) er det nettanlegg som krysser områdene. Når det kommer til områdene Storås, Jønjiljo NR, (utv.) og Tjuvberget ligger nettanlegg nært, men utenfor.

....

• NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer.

### **Nettanlegg**

Vi gjør oppmerksom på at nettselskapene Telemark Nett AS, Lede AS, DE Nett AS, Føre AS, Everket AS og Stannum AS har områdekonsesjon i de foreslalte verneområdene. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er viktig at områdekonsesjonærer og netteiere vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer. Vi ber nettselskapene å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

....

Når det kommer til Storås, Jønjiljo NR, (utv.), og Tjuvberget ligger nettanlegg nært, men utenfor foreslalte verneområde. NVE ber nettselskapene vurdere om de trenger standardbestemmelser som sikrer drift og vedlikehold, inkludert sikringshogst med tilhørende motorferdsel. NVE ber også nettselskapene å vurdere bestemmelsene under for oppgradering og fornyelse. Selv om disse er en del av standardbestemmelsene blir ikke de inkludert hvis nettanlegg ligger utenfor verneområdet med mindre nettselskapene uttaler om de har behov for disse:

• **§ 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene:**

o «Oppgradering eller fornyelse av eksisterende kraftledning for heving av spenningsnivået og økning av linetverrsnittet når tiltaket ikke skader verneverdiene angitt i verneformålet nevneverdig.»

• **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser:**

o «Oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4.»

....

### **Øvrige kommentarer til områdene**

....

### **12. Storås**

Grenser med distribusjonsnett eid av Telemark Nett AS som også har områdekonsesjon.

....»

**Landbruksdirektoratet** (e-post dagsett 24.07.2023) uttaler følgjande:

«Vi viser til deres brev av 19.5.2023 med melding om oppstart av verneplanprosess for 17 områder fordelt på Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn, Tokke og Tønsberg kommuner.

Som høringsinstans for forslag til opprettelse av nye naturreservat, ønsker vi å gi noen generelle innspill til verneprosessen.

Vi beklager at våre innspill til oppstart av verneprosessen kommer etter fristen (5.7.2023), men håper likevel at våre innspill vil tas med i den videre prosessen.

### **Grundige områdebeskrivelser**

*Av høringsdokumentene må det tydelig framkomme om og i tilfelle hvordan det aktuelle området nyttes i landbruksammenheng. Dersom det er landbrukshensyn i området som ikke ivaretas i utkast til forskrift, ber vi om at det begrunnes i høringsdokumentene. Typiske landbruksinteresser kan være (listen er ikke uttømmende):*

- o Skogsbilvei som er nødvendig for skogbruk på bakenforliggende arealer*
- o Traktorvei i forbindelse med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

### **Utforming av verneforskrift**

*Dersom det går veier/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Fylkesmannen vurdere om det kan gis bestemmelser om merking, rydding og vedlikehold av disse. Det bør legges til rette for drift og vedlikehold av eventuelle støl-/seterområder og åpnes for andre tekniske tiltak som bidrar til en landbruksmessig utnyttelse av området. Dersom slike tiltak ikke er ønskelig innenfor verneområdet, må det gis en faglig begrunnelse for dette i høringsdokumentene.*

*Beitebruk vil være aktuelt i mange områder som foreslås vernet som naturreservat. Det bør derfor vurderes om forskriften kan åpne for dette. Hvis ikke, må det redegjøres for hvorfor i høringsdokumentene. Dersom det åpnes for beiting i området bør det også utarbeides bestemmelser for utsetting av saltsteiner og oppføring/vedlikehold av gjerder og sanketrøyer.*

*For alle tiltakene over må det vurderes om det kan gis bestemmelser om motorferdsel i forbindelse med tiltakene. Det bør gis generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i forbindelse med uttransportering av syke og skadde bufe.*

*Vi forutsetter at Fylkesmannens landbruks- og reindriftsfaglig kompetanse involveres i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også være nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltningen i arbeidet.»*

### **STATSFORVALTARENS KOMMENTARAR TIL DEI INNKNOMNE MERKNADENE**


Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at vi har teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Skagerak Kraft AS informerer om at Åmotdalsåi inngår i Sundbarmreguleringa kor Sundsbarm kraftverk har rettar og plikter. Når det gjeld innspelet til Skagerak Kraft AS, som ber om at grensene for verneområdet setjast i god avstand til Åmotdalselvi, og at verneretningslinjene fastsetjast slik at ein unngår konflikter mellom verne- og reguleringsformål, vil vi kommentere at i kartet til oppstartsmeldinga låg vernegrensa stadvis midt i elva. Vernegrensa er i etterkant justert noko slik at grensa no følgjer elvebreidda.

I innspelet frå NVE opplyser dei om at Telemark Nett AS har områdekonsesjon i området og er eigar av distribusjonsnettet som ligg like utanfor verneframlegget. Statsforvaltaren vil kommentere at vi har vore i kontakt med Telemark Nett AS for å hente inn opplysningar om kraftlinja som ligg like utanfor vernegrensa. Dei opplyser at kraftlinja har eit ryddebelte på 10 meter. Telemark Nett AS skriv vidare følgjande: «*I tillegg har me/må ha lov til å felle alle tre som kan treffe høgspentlinja. Dvs. at ein treng ei sone på 50 meter ifrå linja der Telemark Nett ikkje blir hindra av verneplanen.*» Statsforvaltaren vil kommentere at vernegrensa i kartet som

vart send saman med oppstartsameldinga er i konflikt med omsynssone for høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabler) i kommuneplanen sin arealdel i Seljord kommune jf. figur 1 under. Grensa er difor flytta slik at grensa for verneområdet no ligg i kant med denne omsynssona. Vidare har vi teke omsyn til drift og vedlikehald i § 4 bokstav k i forskrifta: «*drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet*». Vi har og teke omsyn til naudsynt motorferdsel i § 6 bokstav d: «*Naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta*».

Når det gjeld Telemark Nett sitt ønske om å få felle alle tre som kan treffe høgspentlinja innanfor ei sone på 50 meter ifrå linja, legg vi til grunn den konsesjonsbelagde ryddesona. Dersom Telemark Nett AS treng å felle tre innanfor verneområdet må dei søke om dispensasjon frå verneforskrifta.



Figur 1: Blå strek visar vernegrense i kart som følgde oppstartsmeldinga. Rød skravert felt visar omsynssone for høgspenningsanlegg i kommuneplanen sin arealdel i Seljord kommune. Vernegrensa følgjer no omsynssone for høgspenningsanlegg.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men dersom det skulle vere aktuelt med beitedyr innanfor verneområdet er det tatt høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav e og f, § 6 bokstav a og § 7 bokstav d og h.

## Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist **1. september 2024**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

## 5. Verneplanen sitt omfang

Storås naturreservat har fått regional verneverdi (\*\*). Tabellen under viser omfanget av verneplanen:

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar i utvidingsarealet	Totalareal	Verneverdi utviding
Storås naturreservat	Seljord	4	862 daa	(**) regional



Rikmyr i kjerneområde 4. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud.

## 6. Faktaark

LOKALITETAR:	<b>Storås</b>
KOMMUNE:	<b>Seljord</b>
FYLKE:	<b>Telemark</b>
VERNEKATEGORI:	<b>Naturreservat</b>
AREAL:	<b>862 daa</b>
HØGDE OVER HAVET:	<b>Ca. 350-785 m.o.h.</b>
EIGEDOMAR:	<b>Gnr./bnr.: 100/1, 103/2, 103/6, 103/7, 104/1,3,8</b>

Faktaarket for tilbodsområdet Storås er skrive på bokmål frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

### SKILDRING AV OMRÅDET

Området omfatter et areal på 880 daa og utgjør nord- og østvendte lisider, skrenter, skogkledde koller, små dalganger og spredte myrfater på vestsiden av Åmotsdalsåi og omfatter Storås og deler av Rambergsnuten i Seljord kommune, Telemark. Topografen i området er variert og omfatter koller, fater, bratte skrenter, slake lisider og enkelte stup med hovedsakelig nord- og østvendt eksponering. Høydespennet strekker seg fra 370-750 moh. Berggrunnen består i hovedsak av kvartsitt og kvartsskifer men kalkrike "lommer" forekommer flere steder innenfor undersøkt areal. Løsmassene består i hovedsak av morenemateriale. Området befinner seg i mellomboreal sone (80%), men en del arealer kan imidlertid føres til sørboreal sone (20%). Området ligger i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon.

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Fattige vegetasjonstyper av type blåbær- og bærlyngvegetasjon dominerer innenfor avgrenset areal, men det forekommer også rike vegetasjonstyper som lynglågurt- og bærlyng-lågurtvegetasjon i mosaikk med fattigere typer, eller i større partier som på sørsiden av Storås og øst for Rambergnuten (se kjerneområde 2 og 6 for detaljer). Flere steder forekommer friske høgstaude-/storbregnedrag, og øst for Rambergnuten er et areal med rik myrflate. Små arealer med intermediær myr- og sumpskogsmark forekommer også. I lisidene mot Åmotsdalsåi dominerer en mosaikk med gradient fra bærlyng- til bærlyng-lågurt-vegetasjon. Gran er det dominerende treslaget i friske og nordvendte partier mens furu dominerer på grunnlendte arealer og koller. I tillegg forekommer bjørk, rogn, selje og hegg i liten grad. Alm og spisslønn er stort sett koncentrert i kjerneområde 2. Impediment og lav bonitet dominerer i avgrenset areal men det forekommer et forholdsvis stort areal på drøyt 80 daa med høy bonitet sørøst i området.

Gammel og hogstmoden skog dominerer i området og dødvedrik grandominert skog opptar en stor andel av avgrenset areal, og en forholdsvis stor andel av skogkledt areal består av dødvedrik granskog med varierende grad av kontinuitet. Gamle individer av gran og skjørtegran er forholdsvis vanlig forekommende. På kollene dominerer fleraldret glissen furuskog. Det er tegn til historisk bruk i avgrenset areal, og stedvis plukkhogst av nyere dato, men i hovedsak er avgrenset areal lite preget av inngrep i nyere tid.

## VERNEINTERESSAR

### Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utsletting. Status er henta fra Norsk Raudliste 2015, fra Artsdatabanken. VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

I avgrenset areal forekommer en del arealer med rike vegetasjonstyper med varierende tørkeutsatthet og dette gjenspeiles i en heterogen karplanteflora. I rike grunnlendte arealer forekommer arter som breiflangre, flekkgrisøre, vill-lin og taggbregne, mens i friskere rike partier opptrer arter som vårværteknapp, trollbær og myske. På rikmyr ble bl.a. myrstjernemose, brunmakkmos og rosetorvmose påvist. Totalt ble 10 rødlistede arter (1 VU, 9 NT) påvist i området. Av rødlistede ansvarsarter finnes almekullsopp (NT). Det er et videre potensial for krevende arter knyttet til kontinuitetsbærende elementer i skog, samt for markboende sopp på lågurtmark med furu og gran.

I rapporten kjem det fram at det under kartlegginga blei registrert hakkespor etter tretåspett *Picoides tridactylus* som ikkje var oppført på raudlista (av 2015), men som er blitt oppført på Raudlista av 2021, med raudlistestatus NT. Det same gjeld for flekkgrisøre *Hypochaeris maculata* som har fått status som nær trua (NT).

### Naturtypar

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» naturtypar omtalt. Det er naturtypar som er gitt status etter kor stor risiko det er for av dei går tapt. Status er henta fra Norsk Raudliste for naturtypar 2018 fra Artsdatabanken. EN=sterkt trua, VU = sårbar, NT=nær trua der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua».

Det er avgrensa 6 kjerneområde innanfor området, som inkluderer gammal høgareliggende granskog, rasmark-almeskog, open intermediaær- og rikmyr i låglandet, lågurtfuruskog, gammal låglandsgranskog. Fire av desse har fått verdi B, det vil sei «viktig» og to område med verdi A, «svært viktig».

Flere rødlistede naturtyper forekommer i området; høgstaudegranskog (NT), lågurtedellauvskog (VU), rik åpen sørlig jordvannsmyr (EN) og kalk- og lågurtfuruskog (VU). I tillegg er rik gransumpskog (EN) registrert nordøst for Storås, men lokaliteten når ikke terskelnivå på størrelse for å bli avgrenset som naturtypelokalitet.

Området oppnår middels mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 100 daa gammel granskog, hvorav over 40 daa kan føres til sørboreal sone. Gammel granskog har middels udekket vernebehov i Telemark. Området oppnår middels mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 100 daa lavlandsskog, og over 100 daa biologisk gammel skog i mellomboreal sone. Området oppnår samlet middels mangeloppfyllelse.

Området dekker også inn manglar av naturtypar knytt til andre naturtypar enn i skog, ved at området inneholder rikmyr i låglandet. Verneforslaget Storås blir samla sett vurdert å være i øvre sjiktet av regionalt verneverdig (\*\*).

## **FØREMÅL**

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit område som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur i form av rik open sørleg jordvassmyr, høgstaudegranskog, rasmark-almeskog, kalk- og lågurtfuruskog, samt innslag av rik gransumpskog.

Området har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av gammal skog med mykje daud ved, samt sjeldne og trua artar av karplantar, sopp, mose og lav.

## **ANDRE INTERESSER**

Det går ein sti frå garden Bekkhus øvre sør i området, og ein sti inn i området frå aust. Det er usikkert om desse er merka. Stiane kjem fram i vernekartet. Det er ikkje kjend andre interesser i verneframleggget. Dersom det finst interesser i området som ikkje Statsforvaltaren kjenner til håpar vi at det kjem fram i høyringa.

## **TEKNISKE INNGREP**

På eigedom med gnr./bnr. 100/1 går to traktorvegar inn i området frå aust, og på eigedom 103/7 går ein traktorveg inn i området frå sør, i retning Mjølteskardnuten. Aust for Rambergnuten går ei traktorslepe. Traktorvegane og traktorslepa kjem fram i vernekartet og det er teke omsyn til desse i § 4 i forskrifta.

## **PLANSTATUS**

Arealet ligg i område satt av til LNFR- (landbruks- natur- og friluftsområde) formål i kommuneplanens arealdel i Seljord kommune (Vedteke 16. desember 2021. Oppdatert 20. mai 2022).

## **MERKNADER**

På bakgrunn av innspel til oppstartsmeldinga knytt til energiinteresser i området, har Statsforvaltaren gjort mindre justeringar på vernegrensa. Det ligg ei kraftlinje utanfor vernegrensa i sør aust. I kommuneplanens arealdel i Seljord kommune ligg ei omsynssone for høgspenningsanlegg knytt til denne kraftlinja. I kart som følgde oppstartsmeldinga ligg delar av området innanfor denne omsynssona. Vernegrensa er difor endra slik at grensa no ligg utanfor og langs omsynssona for høgspenningsanlegg. Omsyn til kraftlinja er omtala i § 4 bokstav k og § 6 bokstav d i forskrifta.

I kartet som følgde oppstartsmeldinga ligg vernegrensa stadvis ute i Åmotsdalså. Vernegrensa er endra og ligg no langs elvebreidda og kjem ikkje i konflikt med vasskraftinteresser. På bakgrunn av ønske frå grunneigar er det og tatt ut eit mindre areal (5-6 daa) aust for Hengegjuv (traktorslepe og rester av ei koie).

Vi har etter innspel frå NORSKOG på vegne av ein grunneigar tatt inn traktorslepe i forskriftas § 4 bokstav d, § 5 bokstav b § 6 bokstav b. Dette er gjort med bakgrunn i tilsvarande praksis i enkelte verneområde i Telemark og Agder, jfr. vernevedtak 21. juni 2024.

## SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen under viser skogbruksopplysningar for tilbodsområdet.

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H	M	L	Sum	Myr	Annet	Vatn	Imp.	M <sup>3</sup> /daa	m <sup>3</sup> /daa
<b>Storås naturreservat</b>	872,8	114,5	99,6	197,8	411,9	7	29,2	3,2	421,5		

*Skogbruksopplysningane er levert av NORSKOG. Tala kan ha endra seg under prosessen fram til høyring sidan tala i utgangspunktet er frå utsending av oppstartsmelding.*

## LITTERATUR

Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Storås, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.



Fleiraldra furuskog i kjerneområde 6. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

## **7. Framlegg til verneforskrifter**

Statsforvalteren føreslår ein forskrift i tråd med ny mal frå Miljødirektoratet.

### **Kommentarar til forskriftene**

#### Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltagarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltagarar kan ha betydning.

Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konserter – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksem i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar.

Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føreseggnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltagarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvalningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

#### Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar.

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggast til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav e til rydding og vedlikehald av stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

#### Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

#### Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsloven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på vegar og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftslovens føresegn. Jf. føresegn i § 5 bokstav b.

#### Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

## **Forslag til forskrift om vern av Storås naturreservat i Seljord kommune i Telemark fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit område som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur i form av rik open sørleg jordvassmyr, høgstaudegranskog, rasmark-almeskog, kalk- og lågurtfuruskog, samt innslag av rik gransumpskog.

Området har særskild betydning for biologisk mangfold på grunn av gamal skog med mykje daud ved, samt sjeldne og trua artar av karplantar, sopp, mose og lav.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Seljord kommune: 100/1, 103/2, 103/6, 103/7, 104/1,3,8.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 862 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet .....20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Seljord kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sinking av bær og matsopp.
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.

- d. vedlikehald av eksisterande traktorvegar, traktorslepe og stiar vist på vernekartet og i samsvar med standard på vernetidspunktet.
- e. beiting.
- f. utsetjing av saltsteinar.
- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.
- h. oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- i. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt.
- j. merking og vedlikehald som fjerning av greiner og nedfall i eksisterande stiar vist på vernekartet i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- k. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande traktorvegar, traktorslepe og stiar vist på vernekartet.

#### **§ 6. (generelle unntak fra reglane om ferdsel)**

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på traktorvegar og traktorslepe vist i vernekartet.
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- b. tiltak i samband med forvalting av vilt.
- c. naudsynt uttransport av felt storvilt med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 annet ledd b.
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder.
- e. merking, rydding og vedlikehald av stiar som ikkje var kjent på vernetidspunktet.
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d.
- g. øvingskjøring for føremål nemnt i § 6 første ledd.
- h. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f og § 7 bokstav a, b og d.

## **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

## **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

## **§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 11. (forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

## **§ 12. (iverksetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Rik edellauvskog i kjerneområde 2. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud